

Oslo, 7. april 1992

R E F E R A T

møte i gjetarhundnemnda måndag den 6. april kl 10.00 på lagskontoret i Parkveien 71.

Desse var med på møtet: Jon Sand
Liv Oddny Hauen
Kjell Kristoffersen
Jon H. Sæther
Wenja Rui
Arne Flatebø (sekretær)

Sakliste:

- 01/92 Innkalling og sakliste.
- 02/92 Referatsaker.
 - a. Registrering av kelpie
 - b. Referat frå Rana sauallslag v/ Lars Kr. Storvold
 - c. Brev frå NKK datert 6/1-92
 - d. Brev frå NKK datert 7/2-92
 - e. Brev frå NKK datert 2/3-92
 - f. Representantskapsmøte i NKK den 25. april 92
 - g. Instruktor kurset i Verdal den 19. - 21. mars
- 03/92 Arbeidsplan 1992
- 04/92 Gjetarhundprøver 1992
- 05/92 Kryssdriving. Forslag frå gjetarhundnemnda i Oppland
- 06/92 Forslag frå Nord-Trøndelag til opplegg for landsomfattande gjetarhundprøver. "NORGESSERIEN"
- 07/92 Landskamp mot Sverige i bruk av gjetarhund den 22. august
- 08/92 Norgesmeisterskapet 1992
- 09/92 Eventuelt

SAK 01/92 INNKALLING OG SAKLISTE

Det var ingen som hadde merknader til innkalling og sakliste.

SAK 02/92 REFERATSAKER

- a. Registrering av kelpie
- b. Referat frå Rana saualslag v/ Lars Kr. Storvold
- c. Brev frå NKK datert 6/1-92
- d. Brev frå NKK datert 7/2-92
- e. Brev frå NKK datert 2/3-92
- f. Representantskapsmøte i NKK den 25. april 92
- g. Instruktørkurset i Verdal den 19. - 21. mars

Vedtak:

- a) Sekretariatet tar kontakt med Norsk Kennel Klub for å få kopi av brevet NKK har sendt Australian National Kennel Council i samband med denne saka.
- b) Sekretariatet går gjennom "Reglar for gjetarhundprøver" for å rette opp eventuelle språklege feil/uklårheter.
- c) I "NKKs regler for praktisering av innført registreringsrestriksjon med krav om kjent HD-status og ID-merking av begge foreldredyr" som er gjort gjeldande frå 1. januar 92, er det stillt strengare krav ved "livmorimport" enn ved kjøp av hundar som er registrert i eksportlandet. Dette kan gjere det vanskeleg i einskildtilfelle å få registrere kvelpar etter importerte drektige tisper, dersom faren ikkje er HD-røntka. NKK skal gjerast kjent med at dette kan skape vanskar ved registrering av livmorimporterte kvelpar av border collie og australsk kelpie.
- d) Saka teken til etterretning.
- e) Saka teken til etterretning.
- f) Nsg sin utsending til representantskapsmøte i Norsk Kennel Klub den 25. april 92, skal vere Jon Sand med Wenja Rui som varamedlem.

SAK 03/92 ARBEIDSPLAN 1992

Nemnda hadde ein brei diskusjon om ulike aktivitetar på gjetarhundfronten i 92. Det vart gjort følgjande vedtak:

Vedtak:

Instruktørkurs:

Verdal 19. - 21. mars (alt avvikla).

Nemnda held også moglegheitene opne for å halde kurs i Nordre-Nordland, dersom det kjem ønskje om det.

Dommarkurs:

Det skal haldast tradisjonelt dommarkurs (over tre dagar) i Nord-Norge. Staden vert sannsynlegvis i nærleiken av Tromsø. Kjell Kristoffersen tar kontakt med formannen i fylkesnemnda i Troms for å finne ein høveleg stad og tidspunkt.

I Sør-Norge kan det vere aktuelt å leggje ei dommarsamling til dagen før landskampen mot Sverige den 22. august. Sem i Asker eller Hellerud kan vere aktuell møtestad. Aktuelle møtedeltakarar er dommarar/dommarelevar og formenn i gjetarhundnemndene i fylka.

Landskamp:

Landskampen mot Sverige skal avvikles på Hellerudsletta i samband med utstillingen "Folk og dyr" den 22. august.

Norgesmeisterskapet:

NM i bruk av gjetarhund er i 92 lagt til Fyresdal i Telemark den 17. og 18. oktober.

SAK 04/92 GJETARHUNDPRØVER 1992

Det var sendt ut saman med sakspapira til møtet, ein oversikt over dei prøvene som er innmeldt for 1992. Denne lista er også trykkt i Sau og Geit. Det vart føreteke små rettingar på datoar o.l.

Vedtak:

Nemnda tok den framlagde lista over innmelde gjetarhundprøver til etterretning. Det vart også godkjent at enkelte landsomfattande prøver, Kamben den 15/8 og Verdal den 3/10, kan gå etter internasjonale reglar. Sjå vedtak i sak 05/92 og 06/92.

SAK 05/92 KRYSSDRIVING. FORSLAG FRÅ GJETARHUNDNEMNDA I OPPLAND

Fylkesnemnda i Oppland sende i desember i fjor ut eit høyringsbrev til alle fylkesnemndene, der dei føreslår "kryssdriving" i FM og NM. På DP (distriktsprøvene) vil dei ha innført to klassar. Ein for unghundar utan "kryssdriving" og ein open klasse der det skal gjennomførast "kryssdriving".

Berre 5 fylke har svara på brevet.

Nemnda meiner at formelt skulle fylkesnemnda i Oppland sendt forslaget til Nsg (landsnemnda), som i neste omgang eventuelt skulle vurderte høyring i saka.

Vedtak:

Nemnda meiner at reglane for gjetarhundprøvene skal sjølvstendig følgje utviklinga i utfordringane som gjetarhundane vert sett til å løyse i det daglege og praktiske arbeide på garden, men meiner at tida ikkje er mogen for å innføre kryssdriving no, slik fylkesnemnda i Oppland føreslår. Desse og liknande spørsmåla skal det arbeidast kontinuerleg med, slik at ein til ei kvar tid har så gode og praktiske reglar som det let seg gjere.

Dersom det er fylke som ønskjer dele ei og same prøve i ein unghundklasse med kortare avstandar og ei open klasse med større avstandar og vanskegrad, ser nemnda ikkje noko gale i det. Snarare tvert om, og det er fylke som alt har gjort dette i fleire år. Ein føresetnad for å dele ei prøve i to klasser er at det skal dømmast etter gjeldande norske reglar.

Kontaktperson for fylkesnemndene og andre som skal halde gjetarhundprøver, når det gjeld spørsmål som nemnt ovanfor, skal vere Jon Sand.

SAK 06/92 FORSLAG FRÅ NORD-TRØNDELAG TIL OPPLÈGG FOR LANDSOMFATTANDE GJETARHUNDPRØVER. "NORGESSERIEN"

Landsnemnda har motteke forslag frå fylkesnemnda i Nord-Trøndelag om at det kan arrangerast fleire store landsomfattande gjetarhundprøver som skal inngå i ein "NORGESSERIE".

Dei føreslår dette for å motivere fleire til å delta på fleire store prøver gjennom sesongen. Prøvene bør arrangerast etter same modell som "Kambenprøva", dvs. to prøver der det vert konkurrett etter både norske og internasjonale reglar.

Føljande prøver føreslår dei bør inngå i "NORGESSERIEN":

- "Kambenprøva" den 15. og 16. august
- Landskampen den 22. august
- "Verdalprøva" den 3. og 4. oktober

I tillegg meiner dei at to andre fylke bør kunne arrangere liknande prøver som saman med fylkesmeisterskapa tel i "NORGESSERIEN".

Resultata frå dei 5 beste prøvene for kvar hund skal leggjast saman for så å kunne peike ut vinnaren og setje opp resultatlista for "NORGESSERIEN". 2 prøver skal være gjennomført etter internasjonale regler og 3 etter norske regler.

Vedtak:

Landsnemnda er positiv til forslaget frå Nord-Trøndelag. Ein vil føreslå at følgjande prøver skal telje med i "NORGESSERIEN":

- "Kambenprøva" den 15. og 16. august
- Open prøve på Hellerud den 23. august
- "Verdalprøva" den 3. og 4. oktober

Alle fylkesnemndene skal få tilbod om å arrangere prøve som kan inngå i "NORGESSERIEN", dvs. open for alle å delta. Blir det mange som melder seg som interesserte, skal sekretariatet i Nsg ta ut dei prøvene som får godkjent status og som skal inngå i "NORGESSERIEN".

Dei 3 eller 4 beste prøvene for kvar hund skal vere teljande når endeleg resultatliste skal setjast opp. Premiering til dei beste må nemnda kome tilbake til i eit seinare møte.

Egil Lutdal får i oppdrag å koordinere det heile i samarbeid med sekretariatet i Nsg.

SAK 07/92 LANDSKAMP MOT SVERIGE I BRUK AV GJETARHUND DEN 22. AUGUST

Jon Sand orienterte om opplegget for landskampen som skal arrangerast på Hellerudsletta i samband med utstillingen "Folk og dyr". Det er Fylkesnemnda i Buskerud som har teke på seg arrangementet i samarbeid med Norsk sau- og geitalslag.

Det vil bli arrangert ein open prøve etter internasjonale reglar på same arenaen, dagen etter landskampen.

Vedtak:

Arrangementet vert å avvikle som planlagt på Hellerudsletta den 22. august.

Dei 10 beste frå NM i 91 får tilbod om å representere Norge under landskampen. 5 deltakarar pluss ein del reservar, skal takast ut etter kvalifisering på "Kambenprøva" den 15. august.

Nemnda meiner at i utgangspunktet bør landskampen gjennomførast etter same reglar som dei som er blitt nytta dei siste åra. Det vil seie internasjonale reglar, men utan deling av flokk. Dersom det skulle kome sterkt påtrykk frå Sverige om også ha med deling av flokk, kan nemnda også godta det.

Det skal arbeidast vidare i Buskerud med tanke på å gjennomføre ein finaleomgang for dei 5 beste hundane, for også å kunne kåre ein individuell vinnar.

SAK 08/92 NORGESMEISTERSKAPET 1992

Erfaringane frå sist NM vart drøfta.

Førebuingane til NM i Fyresdal 17. og 18. oktober går etter planen.

Det er søkt om "Kongepokal" til NM-meisteren i 92. Det er NKK som no har fått i oppdrag å fordele 3 av desse pokalane til ulike hundeutstillingar/bruksprøver. Svar frå NKK er ikkje motteke pr. dato. Men etter innhenta informasjon gjennom andre kanalar, er det lite truleg at Nsg får "Kongepokal" i 1992. Derimot vil laget få "Kongepokalen" i 93, og seinare kvart 4. år. Vidare er det også gode sjansar for å få ein pokal oppsett av NKK i 92.

Vedtak:

Rapport frå NM-91 skal sendast til alle medlemene i nemnda.

Sekretæren tar kontakt med NKK for å få avklåre sikkert om laget får "Kongepokal" i 92. Dersom det ikkje vert gitt "Kongepokal" til Nsg dette året bør det søkjast NKK om at dei gjev ein pokal.

Uttaking for deltaking i NM vert delegert til sekretæren og skal føregå etter desse retningslinene:

1. Det skal gjevast ein grunnkvote på 1 hund pr. fylke.

2. Ved tildeling utover grunnkvoten og ved fordeling av eventuelle unyttta fylkeskvotar (reservar), skal det leggjast vekt på følgjande:
 - * NM-resultata året før. For å samanlikne fylka, og eventuelt justere fylkeskvotane frå året før, skal det reknast ut eit gjennomsnitleg plassiffer for kvart fylke.
 - * Breidde i gjetarhundarbeidet i fylka.
 - * Resultat frå fylkesprøvene i 92.
3. Vertsfylket skal tildelast ein deltakar meir enn det som vert fordelt etter punkt 1 og 2.
4. NM-vinnaren frå 91 er automatisk kvalifisert.

SAK 09/92 EVENTUELT

a) Det er tid om anna til dels stor pågang etter informasjon om border collie av folk som står utanom næringa. Nemnda meiner at det er eit behov for ein enkel trykksak som kan fortelja desse potensielle kvelpekjøparane fordelar og ulemper med border collie og australsk kelpie som vanlige familiehundar.

Vedtak:

Liv Oddny Hauen får i oppdrag å utarbeide forslag til manus til ein slik opplysningsfolder.

b) Gjetarhundbevis

Vedtak:

Nsg må få laga (trykkt) eit "Gjetarhundbevis" liknande det som har vore brukt i Nord-Trøndelag dei siste åra.

c) Hefte om gjetarhundopplæring

Vedtak:

Nsg tingar hefte av "GJETERHUNDOPPLÆRING - i tekst og bilder" av Øyvind Trondsen, til alle i landsnemnda.

Arne Flatebø
referent